



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1. etasje
Dato:	02.12.2019
Tid:	13.00 – 16.40

Medlemer som møtte:

Idar Kjell Tarberg	Leiar	
Jan Nilsen	Nestleiar	
Leiv Magnar Aarflot	Medlem	

Forfall:

Ann Elin Myklebust	Medlem	
Kristin Helsem Sævik	Medlem	

Varamedlemer som møtte:

Gerhard Furø	Ann Elin Myklebust	.
Anja Pedersen	Kristin Helsem Sævik	

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	Permisjon i begynnelsen av sak 40.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	

Frå Herøy kommune møte:

Idar Kjell Tarberg
LeiarJan Nilsen
Nestleiar



SAKLISTE

- SAK 34/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT
MØTEPROTOKOLL
- SAK 35/19 MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE TIL ORIENTERING
- SAK 36/19 KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER
- SAK 37/19 ORIENTERING OM SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET -
VEST KONTROLL
- SAK 38/19 ORIENTERING OM KOMMUNEN SIN REVISJON – SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS
- SAK 39/19 STATUS PÅ SAKER
- SAK 40/19 ARBEIDET I KONTROLLUTVALET
- SAK 41/19 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKTET – TENESTEYTING
HEIMESJUKEPLEIE
- SAK 42/19 REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
34/19	033	08.11.2019	02.12.2019	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 41 vert å ta til slutt i møtet.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jan Nilsen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
35/19	049	22.11.2019	02.12.2019	JS

MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE TIL ORIENTERING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollen frå møtet 10.10.2019 til orientering.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 10.10.2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
36/19	033	14.11.2019	02.12.2019	JS

KONTROLLUTVALET SITT ANSVAR OG OPPGÅVER

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang av kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver til orientering.

Vedlegg

1. Ny rammebetingelse og nye kontrollutvalg av Per Olav Nilsen
2. Hjelp – jeg er ny i kontrollutvalget, av Bjørn Bråthen
3. Frå Kommuneloven sjuande del Egenkontroll – kapittel 22 Kommunestyrets og fylkestingets kontrollansvar, kapittel 23 Kontrollutvalgets virksomhet, kapittel 24 Revisjon
4. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

Saksopplysningar

Det vert ei orientering om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Ein viser til vedlegga og til PowerPoint i møtet.

I seinare møte kan ein legge opp til orientering/opplæring i ulike tema, frå både sekretariatet, revisjonen og kommuneadministrasjonen.

Døme på tema kan vere:

- Rekneskap og årsrekneskap
- Habilitetsreglar
- Forvaltningsrevisjon og andre rapportar



- Eigarskapskontroll på selskap

Det vert også lagt opp til felles kursdag i januar for alle kontrollutvala Vest kontroll har sekretariatsfunksjonen for. Tilsvarande kurs vert også køyrt på Skei i Jølster.

Vidare legg ein opp til kurs for å forstå betre det kommunale rekneskapssystemet og eige kurs for styremedlemer og dei som representerer kommunane i representantskap og generalforsamlingar i selskap der kommunen har interesse.

Det kan gjerast andre kurs i tema/område etter kontrollutvala sin ynskjer.

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) arrangerer sin kontrollutvalgskonferanse 29. og 30. januar i 2020.

<https://www.nkrf.no/kurs/nkrfs-kontrollutvalgskonferanse-2020>

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) arrangerer sin kontrollutvalgskonferanse 03. og 04. juni 2020.

<https://www.fkt.no/konferanser/fagkonferansen-2020/fagkonferansen-2020/>

Forum for kontroll og tilsyn arrangerer også kurs for kontrollutvalsleiarar «Kontrollutvalslederskolen» 21. og 22. april 2020.

<https://www.fkt.no/konferanser/kontrollutvalgsskolen-2020/>

Nyttinge linkar finn ein på Vest kontroll si heimeside

<https://www.vestkontroll.no>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil også utarbeide ny versjon av Kontrollutvalsboka.

Denne vil vi legge ut link til så snart den ligg føre.

I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte og svara på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/19	033	14.11.2019	02.12.2019	JS

ORIENTERING OM SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET – VEST KONTROLL

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek sekretariatet sin gjennomgang om sekretariatet til orientering.

Vedlegg

Saksopplysningar

Dagleg leiar i Vest kontroll vil orientere om samarbeidet/selskapet.

PowerPoint vil bli ein del av orienteringa.

I møtet

Dagleg leiar i Vest kontroll orienterte og svara på spørsmål.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
38/19	216	14.11.2019	02.12.2019	JS

ORIENTERING OM KOMMUNEN SIN REVISJON – SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgang om revisjonen til orientering.

Vedlegg

Saksopplysningar

Revisjonen vil orientere om selskapet og oppgåvene.

I møtet

Dagleg leiar i Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS orienterte og svarta på spørsmål.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
39/19	033	25.11.2019	02.12.2019	KS

STATUS PÅ SAKER

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek statusoversikt pr. november 2019 til vitende.

Vedlegg

1. Utskrift frå møteprotokoll Herøy kontrollutval. Selskapskontroll av SSR IKS
2. Utskrift frå møteprotokoll Herøy kontrollutval. Vidare oppfølging av forvaltningsprosjektet – tilsyn og oppfølging – Barnevern

Saksopplysningar

Prosjekter behandla i kontrollutvala der kommunestyret sitt vedtak skal følgjast opp.

Tittel	Beskriving	KU- behandla
Selskapskontroll SSR IKS	Skal til behandling i kommunestyret i desember 2019. Kontrollutvalet må følgje opp saka våren/sommaren 2020	10.10.2019 Sak 33/19
Vidare oppfølging av forvaltningsprosjektet – tilsyn og oppfølging – Barnevern	Kontrollutvalet tek tilbakemeldinga vedkomande forvaltningsrevisjonsprosjektet Tilsyn og oppfølging – Barnevern til vitende og ber om ny rapportering i høve anbefaling 5, innan 01.12.2019 .	30.09.2019 Sak 25/19



Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
40/19	033	14.11.2019	02.12.2019	JS

ARBEIDET I KONTROLLUTVALET

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek saka til vitende
2. Kontrollutvalet har desse innspela til plan for 2020:
 - 6 møter i året. Tilleggsmøte om behov.
 - Måndag passar bra, men det går og andre dagar
 - Møta skal begynne kl. 13
 - Evt. fordeling av saksområde kjem utvalet til bake til
 - Leiar avgjer kven som skal reise på sentrale konferansar
 - Dei av medlemane og vara som har turnusplan sender desse over til Sekretariatet
 - Namna på medlemene på heimeside er ok.
 - FKT får e-postadressene

Vedlegg

Evaluering av kontrollutvalet 2015-2019

Saksopplysningar

Utvalet sin status

Kommunelova slår fast at kommunestyret har det øvste ansvaret for kommunen si verksemd, og dei sjølve skal velje eit kontrollutval som skal føre det løpande tilsyn på sine vegne.

Kontrollutvalet kan, utan hinder av teieplikt, ta opp ei kvart tilhøve knyta til kommunen si verksemd. Men:

- Utvalet kan ikkje overprøve politiske vurderingar.
- Har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen følger lover og føresegner og rettar seg etter politiske vedtak og etiske normer.

Det er viktig at kontrollutvalet har god kontakt med kommunestyret, det politiske miljøet elles og kommunen sin administrasjon.

Saksbehandlinga

Saker

I alle møte:

- Godkjenning av innkalling og sakliste. Underskrift av møteportokollen
- Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte
- Meldingar
- Gjennomgang av møtebøker
- Orientering om status for pågåande saker

Vinter:

- Årsplan inklusiv møteplan for året



- Skatterekneskapen
- Årsmelding for kontrollutvalet

Vår:

- Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon frå året før
- Uttale til kommunerekneskapen
- Oppsummering frå revisor om tilhøve som ikkje er retta opp
- Overordna analyse – Plan for forvaltningsrevisjon (2020)
- Overordna analyse – Plan for selskapskontroll (2020)

Haust:

- Revisjonsplan for revisjonsåret
- Orientering om løpande finansiell revisjon
- Budsjett for kontrollutvalet neste år

Andre saker – etter kvart dei ligg føre:

- Forvaltningsrevisjonar
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Selskapskontrollar
- Oppfølging av selskapskontrollar
- Undersøkingar
- Orienteringar frå revisor
- Orienteringar frå kommunedirektør (kommuneadministrasjonen)
- Oppfølging av andre saker som utvalet har behandla
- Orienteringsbesøk
- Andre saker som oppstår og er relevante å ta opp
- Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre statlege kontrollorgan

Oppgåver

Kontrollutvalet skal ha fokus på systemkontroll. Utvalet kan ikkje gjere vedtak som endrar på eit enkeltvedtak, sjølv om det viser seg at ei sak ikkje er rett behandla. I slike høve må utvalet gå vegen om kommunestyret. Fokuset skal vere på om det svikt i den kommunale saksbehandlinga, eller om lover og føresegner og vedtak i kommunestyret ikkje er følgde.

Plan for kontrollutvalet 2020

Før sekretariatet lagar forslag til plan for kontrollutvalet for 2020 bør flg. drøftast og så langt mogleg klargjerast:

- Talet på møte
- Kva vekedagar passar best og når på dag møta skal begynne
- Møtestadar (fast møtestad eller rotering). Er det aktuelt å halde møte på ulike stader i kommunen, då i samband med orienteringsbesøk på skular, barnehagar, institusjonar, bedrifter m.m?
- Har utvalet tankar for kontrollområde
- Har revisor tankar for spesielle (nødvendige) kontrollar
- Når kan overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vere klar så plan kan leggjast fram
- Fordeling av oppgåver blant utvalsmedlemene
Spesielt viktig i samband med løpande gjennomgang av kommunale møtebøker
- Aktuelle kurs/konferansar å delta i framover, lokalt og sentralt



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
41/19	217	08.11.2019	02.12.2019	KS/JS

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TENESTEYTING HEIMESJUKEPLEIA

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet – Tenesteyting i heimesjukepleia, Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 30.10.2019.
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må sette i verk tiltak for å sørgje for at ein får lik praksis mht. kvittering av utført teneste.
 2. Kommunen må følgje opp og revurdere enkeltvedtak ved endra tenester.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **15.03.2020**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tenesteyting i heimesjukepleia, Herøy kommune*, datert 30.10.2019. Motteke 08.11.2019.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 10/19 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt innan heimetenester, men avgrensa til heimesjukepleie. Målsettinga med prosjektet var å kontrollere om heimesjukepleia yter tenester i samsvar med brukarane sine enkeltvedtak.

Problemstilling (side 6 i rapporten):

Yter heimesjukepleia tenester i samsvar med enkeltvedtak, og er vedtak gjort i samsvar med lov, regelverk og rutinar?

For å svare på problemstillinga har vi kontrollert følgjande:

- Har kommunen gode rutinar for å sikre sakshandsamingsprosessen?
- Ligg det føre skriftleg enkeltvedtak og tilfredsstillar desse krava mht. form og innhald?
- Har alle brukarane fått oppretta tiltaksplan og er tiltaksplanen i samsvar med enkeltvedtaket?
- Er den journalførte tenesta (utførte) i samsvar med tiltaksplan og enkeltvedtak?

Revisjonen sitt samandrag/konklusjon (side 4 - 5 i rapporten):

Deskriptiv analyse:

Ein prøvde for 2018 med utgangspunkt i sakshandsamingssystemet Gericca å samanlikne den samla vedtakstida for alle brukarane opp i mot den estimerte tiltakstida dei hadde, samt kor mykje tid heimesjukepleia har journalført på brukarane. Det viste seg at det ikkje var mogeleg å hente ut korrekt informasjon frå systemet på ein enkel måte.

I tillegg har ein henta ut relevante KOSTA-tal som går fram i kap. 5.
Sjå side 11-12 for meir informasjon.



Sakshandsamingsrutinar:

Kommunen har skriftlege rutinar i høve sakshandsaming vedkomande kartlegging, utarbeiding og re-vurdering i samband med enkeltvedtak. *Sjå side 13-14 for meir informasjon.*

Sakshandsamingstid heimetenester:

Gjennomgangen viste at alle dei kontrollerte vedtaka var re-vurderingar. Sidan alle brukarane fekk tenester under sakshandsamingsprosessen vurderer ein sakshandsamingstida som tilfredstillande. *Sjå side 14-15 for meir informasjon.*

Utsending av enkeltvedtak:

Det låg føre gyldig skriftlege enkeltvedtak i alle dei kontrollerte sakane. *Sjå side 15-16 for meir informasjon.*

Enkeltvedtak; form og innhald:

Det var vist til korrekt heimelsgrunnlag i 18 av dei 20 kontrollerte vedtaka. I to av dei kontrollerte vedtaka var det vist til § 3-2 første ledd nr 6 bokstav c. som gjeld plass på institusjon.

I høve kvaliteten og detaljgraden på vedtaka vurderer ein denne som god. Vedtaka inneheld informasjon om situasjonen til brukaren og kva kartleggingar som har blitt gjort og som vedtaket bygg på, samt føremålet med tenestene. *Sjå side 16-17 for meir informasjon.*

Tiltaksplan:

I 2 av dei 20 sakene var det mindre avvik mellom tiltaksplan og enkeltvedtak. I 3 av 20 såg ein vesentlige avvik mellom tiltaksplan og enkeltvedtak. I desse tre sakene viste tiltaksplanen og journalføring at brukar fekk meir tenester enn det som gjekk fram av enkeltvedtaket. I 15 av dei 20 sakene såg ein i stor grad samsvar mellom vedtak og tiltaksplan.

Det er viktig og huske at ved vesentleg endra teneste skal vedtaka re-vurderast, og vurderast som ei ny sak etter forvaltningslova. Det er viktig at heimesjukepleia er flinke til å rapportere inn endra tenester til tildelingskontoret slik at endringane vert fanga opp og vedtak endra.

Sjå side 17-18 for meir informasjon.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 20 i rapporten):

1. Kommunen bør sette i verk tiltak for å sørge for at ein får lik praksis mht. kvittering av utført teneste.
2. Kommunen bør følgje opp og revurdere enkeltvedtak ved endra tenester.



Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
42/19	216	08.11.2019	02.12.2019	KS/JS

REVISJONSPLANLEGGING 2019 – FINANSIELL REVISJON

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2019 – finansiell revisjon, for Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Vedlegg

Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post

Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2019. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet inneheld følgjande:

- Oppdragsvurdering
- Selskapsinformasjon
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområda
 - Generell risiko
 - Transaksjonsklasser
 - Kontosaldoar
 - Tilleggsopplysningar
 - Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka under denne gjennomgangen.

I møtet

Revisor orienterte og svara på spørsmål.

Revisor kom ikkje inn på tema som har grunnlag for å lukke møtet.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding.
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.
Rådmann til orientering.
Ordførar til orientering.
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.